

Ekstra-framsyning neste søndag!

Stein Erik Ovesen

Interessa for å kjøpa billetter til oppsettinga av «Les Misérables» har vore formidabel. Dei siste dagane, etter at folk her lokalt har teke til å oppdaga at det snart er utseld, har tingingane strøyma inn. Og av den grunn har me vedteke å laga ei ekstra-framsyning søndag 17. august.

Det er Kjell Arne Røksund, styreleiar i Bømlø Musikal Laug og produksjonsleiar for «Les Misérables»-oppsettinga som fortel dette til BØMLO-nytt. Utetter i denne veka har ein vurdert dette med ekstra-framsyning grundig. Og etter at det vart seld meir enn 450 billetter berre frå tysdag ettermiddag og til onsdag ettermiddag, sette ein seg ned og diskuterte dette med ekstra-framsyning. Konklusjonen var at det skal verta ei niande framsyning, ikkje minst for at flest mogeleg bømlingar skal kunne få med seg «Les Misérables».

I tilfelle...

Slik BØMLO-nytt forstår Kjell Arne Røksund, har ein heile tida hatt ei opning for ei ekstra-framsyning denne søndagen. Det er lagd inn ein slags opsjon for dette når ein har inngått alle avtalar. Men samstundes har ein ikkje heilt trudd at dette skulle verta aktuelt, sidan det jo var heile 9.600 plassar tilgjengelege til dei åtte oppsette framsyningane.

Mange omsyn å vurdere

Når det no har vorte seld så mange billetter, og dette med eventuell ekstra-framsyning tok til å verta aktuelt, var det fleire omsyn som måtte vurderast. Inn i vurderinga har m.a. vore den enorme innsatsen alle involverte i oppsettinga har gjort i veker, og at dei då vert ferdig med framføringane ein dag seinare enn dei har vore innstilte på. Samstundes er det ein god del økonomiske ting involvert i ei slik ekstra-framsyning, m.a. med ekstra-betaling for dei innleigde profesjonelle, ekstra-kostnader med ting som leige av lyd og lys, pluss ekstra-lisens til rettighetshavarane. Dette har vorte vegd opp mot m.a. det at det verkar som om det er mange her i nærområdet, Bømlø og Stord, som enno ikkje har tinga billetter. Og dermed enda ein altså opp med å setja opp ei framsyning også søndag 17. august. I går ettermiddag kom det ein mail frå rettighetshavarane som godkjende denne ekstra-framsyninga.

Stort billettsal nett no

Som fortald i BØMLO-nytt på onsdag, runda ein 7.000 selde billetter sist laurdag. Tysdag ettermiddag låg ein i 7.900 selde billetter, og dette hadde auka til 8.350 onsdag ettermiddag. Utetter dagen i går var det stort trøkk av billettsal på Posten på Svortland, og mykje som i tillegg vart tinga direkte frå Billettservice på telefon og internett. Opphaveleg var det 9.600 tilgjengelege billetter, og no er det totalt tilgjengeleg 10.800 billetter inkludert denne ekstra-framsyninga neste søndag.